

RIKSANTIKVAREN
Postboks 8196 DEP
0034 OSLODato: 14.12.2016
Vår ref.: 2015/2163-113
Saksbehandlar: erlhofs
Dykkar ref.:

Riksantikvarens tilsyn av Hordaland fylkeskommunenes forvaltning av statlege tilskotsmidlar. Utbetrande tiltak

Me viser til rapport frå Riksantikvarens tilsyn av Hordaland fylkeskommunenes forvaltning av statlege tilskotsmidlar frå kapittel 1429 post 79 - Tilskot til verdsarven og kapittel 1429 post 71 - Tilskot til freda kulturminne i privat eige og kulturmiljø og kulturlandskap.

Riksrevisjonens rapport for 2014 av 12. mai 2015 om tilskot frå Klima- og miljødepartementet og underliggende verksemder viste fleire manglar ved tilskotsforvaltninga hos Riksantikvaren og ved to fylkeskommunar si forvaltning av tilskot på kap. 1429 post 71. På bakgrunn av Riksrevisjonens funn har Riksantikvaren utført tilsyn etter § 10 i bevillingsreglementet ved tre fylkeskommunar i 2016. Tilsynsbesøk ved Hordaland fylkeskommune vart gjennomført 09.-10. mai 2016.

Tilsynet avdekkar manglar ved fylkeskommunens kontroll/dokumentasjon av kontroll i forvaltninga av tilskotsmidlar frå post 71 og 79, og desse manglane må utbetrast. Riksantikvaren ber om at det setjast i verk tiltak som sikrar at tilskotsforvaltninga oppfyller krava i *Reglement og bestemmelser for økonomistyring i staten*, lov om offentlege anskaffingar, samt Klima- og miljødepartementets årlege tilskotsrundskriv, Rundskriv T-1/16 (for 2017). Fylkeskommunen er beden om å melda utbetrande tiltak, gjennomførte og påbyrja, innan 15. desember 2016.

Funna i tilsynet kan samanfattast slik:

Post 79 (Prosjekt Bryggen)

Manglande dokumentasjon av fylkeskommunens kostnadskontroll/vurdering av kostnadsoverslaga i prosjekta

Manglande dokumentasjon/korrespondanse på meirkostnader i løpet av prosjektperioden

Manglande kostnadskontroll ved rapportering/oppmoding om utbetaling; det var vanskelig å følgja kostnader frå søknad (regneark) til oppmoding om utbetaling og delrapportering

Tilrå at gjeldande regneark (med vedtekne beløp) vert lagra i fylkeskommunens arkivsystem, og at eventuelle korrigeringar (med grunngjevingar) også arkiverast.

For Prosjekt Bryggen ber Riksantikvaren òg om at fylkeskommunen ser på fleire moglege kostnadsreducerande tiltak.

Post 71

Fylkeskommunen kan ikkje dokumentera sine rutinar for tilskot.

Manglande kostnadskontroll ved rapportering/oppmoding om utbetaling.

Generelt verka dokumentasjon og kontroll noko mangelfull.

Utbetrande tiltak

Hordaland fylkeskommune ser at det er trong for ei systematisering og betre dokumentasjon av tilskotshandsaminga, særleg når det gjeld kostnadskontroll og vurderingar. For å bøta på dette vil me laga samla rutinedokument for begge tilskotsordningane, med oppskrift på kva som skal gjerast i dei ulike trinna i sakshandsaminga, korleis det skal gjerast, sjekklister mm. Moment som må få særleg merksemd i rutinedokumenta er ein systematisert kostnadskontroll samt oversiktleg, skriftleg dokumentasjon av alle vurderingar og kostnadskontroll.

For Prosjekt Bryggen finst det skriffesta rutinar/sjekklister for ulike ledd i tilskotshandsaminga. Her vil me gå gjennom desse, supplera og revidera dei og samla dei i eit rutinedokument. For post 71 må det utarbeidast eit rutinedokument som dekker alle trinn av tilskotshandsaminga. Rutinedokument for begge tilskotsordningar godkjennast av fylkesdirektør og vert lagt inn i fylkeskommunens kvalitetssystem.

Malen for tildelingsvedtaka skal reviderast slik at dei vert meir presise, særleg der berre delar av eit omsøkt tiltak får støtte. Med dette kan rapportering og utbetaling knytast meir direkte til søknad og tildeling. Oppfølginga av søkjarane når det gjeld rapportering skal skjerpast inn, for å sikra at rapporteringa vert samanliknbar med søknad og tildeling.

Fleire tiltak for tilskotsforvaltinga generelt i fylkeskommunen er under arbeid og er også relevante for dei ordningane tilsynet har tatt for seg: Det er utarbeidd flytskjema for tilskotshandsaminga, og i løpet av 2017 skal ein ha fått på plass elektroniske søknadsskjema. Då startar arbeidet med oppfølging av utbetalingane gjennom m.a. rapporteringsskjema.

Me vil også sjå på endringar av arbeidsfordelinga mellom dei tilsette hjå fylkeskonservatoren som arbeider med tilskotsforvaltning og freda bygningar, med tanke på både å utnytta den samla kompetansen best mogleg, sikra samordning internt i tilskotsforvaltinga, og som del av ein systematisk internkontroll for å kvalitetssikra tilskotsforvaltinga.

Med desse tiltaka meiner fylkeskommunen å få eit langt betre system for å sikra rett sakshandsaming, førebyggja, avdekka og retta feil og manglar, og gi rutinar for kontroll og dokumentasjon. Fullstendige rutinedokument skal utarbeidast første kvartal 2017. Samstundes vil den pågåande søknadshandsaminga rette seg etter funna og tilvisingane i tilsynsrapporten.

Når det gjeld moglege kostnadsreducerande tiltak på Bryggen, er dette er eit spørsmål som krev ei særskilt utgreiing. Slik fylkeskommunen ser det, er det vesentleg å ha eit så klart bilete som mogleg av kva faktorar som påverkar kostnadsnivået i istandsettinga av Bryggen: kva er ein funksjon av eit særskilt omfattande istandsettingsbehov og høge faglege krav til istandsettinga, og kva skuldast andre tilhøve? For å få eit betre forståing av kostnadsnivået vil me gjera ein gjennomgang/oppsummering av istandsettingsprosjekta som til no er utført i Prosjekt Bryggen, med særskilt fokus på den økonomiske sida. Dette vil gjerast i første halvår 2017.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.